

## **Styremøte i Mental Helse Kvam.**

### **Tysdag 3. mai 2022 på Omastrand**

**Deltakarar:** Jan Tore Gjerde, Marianne Gjerde, Gunnar Helle, Britt Helle, Karen Elise Berge, Marianne Gluppe, Elise Finseth Rongve, Vidar Eik.

**Godkjenning av innkalling og referat frå forrige møte:** Godkjent.

#### **Tur til Strandebarm og retoren med Kafé påfyll:**

Vert planlagt til tysdag 22. juni 2022 slik at flest mogleg av styret i Mental Helse Kvam kan vera med. Gunnar har hatt kontakt med omvisar på retoren og avtalt.

Deltakarar frå kafé påfyll vert mottatt på retoren klokka 11.

Kvar deltarar kostar 100,- i billett for omvising.

Vi held på kaféprisen slik at kvar deltarar betalar 40kr kvar, så sponsar Mental Helse Kvam resten.

Ved 15 deltarar der kvar betalar 40kr blir det 600 i inntekt. Omvising kostar 1500kr for 15 personar. Då sponsar Mental Helse med 900kr i tillegg til mat og transport.

Britt lagar salat, og Marianne Gjerde lagar kake. Kaffi stiller retroen med. Vidar kjøper brus/drikke. Marianne Gluppe og Vidar Eik stiller med bilar frå Øystese/Norheimsund.

#### **Tur til Eidfjord med Mental Helse i august:**

Vi planlegg tur til Eidfjord med Vøringsfossen og Natursenteret laurdag 27. august 2022.

Avreise ca. Klokka 10 frå Strandebarm. Jan Tore kan køyre minibuss med 16 plassar. I tillegg kan vi stille med privatbilar ved behov.

Vi parkerer ved Vøringsfossen Hotell og brukar utsiktspunka og stien ved Vøringsfossen.

Opphold på ca. 30 minutt.

Etterpå reiser vi til Natursenteret. Her har vi middag og omvising med film. Filmen tar ca. 20 minutt. Opphold ca. 1 time på museet og middag etterpå.

Er det stygt vær blir det kun Natursenteret.

Gunnar Helle tar kontakt med Oddvar Brakestad og avtalar prisar og melder oss på som gruppe. Vi satsar på «Hardangerbuffet» som middag. Han avtaler også når senteret må vite kor mange som kjem, påmeldingsfrist. Kanskje gruppepris?

Vidar hører med Kvam Vidaregåande Skule v/ Samson Håland om leige av buss med 16 seter.

Mellan Strandebarm/ Eidfjord er det 112km. Estimert pris ved privatbil 2600kr tur/retur.

4000kr til 5000kr + diesel utgifter er OK pris.

Vi legg ut om turen på Facebook og sender e-post + brev til medlem. Påmeldingsfrist.

Vi har øyremerka midlar til tur. Avtalar om turen skal koste noko per Facebook.

## **Digitale plattformar:**

Marianne Gluppe ville ha gjennomgang over kva for digitale plattformar Mental Helse Kvam har.

Vidar gjekk igjennom:

**Facebook** - Side for Mental Helse Kvam der alle medlem av styret er administratorar. Her kan ein legge ut oppslag og biletar frå turar.

NB: Må innhente samtykke frå dei som er avbildar. Dei som administrerer sida må godkjenne og leggje ut biletar. Det er ikkje opent for andre å legge til biletar.

**Mentalhelse.no** – Heimesider for heile Mental Helse. Her er lokallaget sine sider under fylkes- og lokallag -->Hordaland -->Kvam. Her kan vi legge ut oppslag om turar, og arrangement. Fylkeslaget legg ut referat frå styremøter etter dei har hatt gjennomgang av styret. På sidene til Mental Helse finn ein også malar for budsjett, årsmøte og anna. Vedtekter og styringsdokument. Grafisk profil og logoar. Ein har også min side der ein kan sjekke sin eigen informasjon som Mental Helse har, og om ein har betalt. Første gang må ein registrere seg og får passord på SMS. Søkjefelt øvst til høgre der ein kan søkje opp vedtekter, grafisk profil og alt anna.

**Verdensdagen.no** – Heimesider for verdensdagen for psykisk helse 10. oktober. Her finn ein informasjon som ein treng når ein skal arrangere verdensdagen, når inspirasjons samlingar skal vere og korleis ein bestiller materiell til arrangement.

**Kvam@Mentalhelse.no** – E-post konto for laget der vi får informasjon frå sentralstyret, fylkeslaget og anna. Passord gjeven til styremedlem. Innlogging via: outlook.com --> logg på, eller via nettsidene [www.mentalhelse.no](http://www.mentalhelse.no)

## **Kva gjer vi for medlem og kva er dei opptatt av?:**

På forslag frå Marianne Gluppe ynskjer vi å arrangere eit medlemsmøte der vi kan snakke om kva medlem er opptatt av og kva tilbod dei vil ha. Vi vil forsøke å involvere medlem meir.

Kor ofte skal ein ha medlems aktivitet? Kan ein rullere litt på styret og medlem kven som er ansvarlege for aktivitet? Dette er spørsmål vi vil drøfte på medlemsmøtet-

Vi planlegg også å snakke litt om medlemsbladet Sinn og Samfunn og andre saker.

Marianne Gluppe kallar inn til Medlemsmøte. Andre styremedlem deltar på dette møtet.

**Eventuelt:**

Mat: Vi er mange i styret no, noko som er veldig flott. Vi satsar difor på enklare form for tyremøtet utan så mykje matlaging. For eksempel bestiller heller kringle på Joker Omastrand og et denne saman med drikke. Planlegg å starte styremøter 10 minutt etter oppmøte, og ha mat medan vi diskuterer.

Verdensdagen: Marianne Gluppe ynskjer å sette opp ein stand under «Kvammaveko» for å synleggjera Mental Helse. Midlar er å søkje frå verdensdag potten. Mental Helse Kvam har ikkje pleidd å sponsre arrangement, siden potten til verdensdagen finst. Kvammaveko er frå søndag 2. oktober og utover til torsdag 6. oktober.

**Orientering om situasjonen i Mental Helse sentralt:**

Gunnar orienterte om situasjonen i Mental Helse sentralt og saken der 2 medlem blei kasta ut av kontrollutvalet og seinare ekskluderte.

**Neste styremøte: Mandag 15. august kl. 19.00 – 21.00**

Vikøy 05.05.2022

Vidar Eik - Sekretær